



Majo Eiendom
Magnus Helgesen
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5491 - 14/19715

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.09.2014

Svar på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bueining på gbnr 205/12 og 1 bueining ny parsell gbnr 205/4 - Hakset Hjelmås

Teknisk drift syner til brev datert 20.08.2014 vedkommande søknad om løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bueining på gbnr 205/12 og 1 bueining i delingssak 14/5491 - gbnr 205/4

Vedtak:

Teknisk drift vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bueining på gbnr 205/12 og 1 bueining i delingssak 14/5491 – gbrn 205/4 - på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal kunne snu på eigen grunn. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Teknisk drift gjer løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for totalt 2 bueiningar under føresetnad at det vert tillete bygging på eigedommane.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdato.no og www.vegvesen.no
- Det må ligge føre rett til å nytte privat veg.

Vi gjer merksam på at opparbeiding/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak hos byggesak.



Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunne forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Hjelmås_205_12_oversiktskart_justert

Kopi til:

Eli Bjørklid
Atle Dingen
Kjetil Eikefet

Mottakarar:
Majo Eiendom

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ